



Arkivsaknr: 2023/11423-57
Sakshandsamar: Inge Andre Johannessen
Avdeling:

SAKSFRAMLEGG

Klage på vedtak - gbnr. 357/97 Sætre - naust, båttopptrekk og brygge
- gbnr. 357/97 Sætre - naust, båttopptrekk og brygg

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	15.10.2025

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klage i frå Statsforvaltar på administrativt vedtak 23/11423, vert ikkje teke til følge.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommune gjev dispensasjon frå arealføremål og pbl. § 1-8 for oppføring av kai og slipp. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Alver kommune gjev løyve til etablering av naust, kai og slipp på eigedom gbnr 357/97 . Løyve vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan i søknad med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Vedtaket opphevar vedtak av 28.05.2025, då kommunen har valt å vurderer saka på nytt.

Tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

SAKSUTGREIING

Påklaga vedtak Dispensasjon frå arealformål bruk og vern av sjø

Tiltak: Kai og slipp
Søknadstype: Dispensasjon
Eigedom: Gbnr. 357/97
Adresse:
Tiltakshavar: MARGUNN KRISTINE BJØRNESTAD
Klagar: Statsforvaltaren i Vestland

Vurderingstema for APM

Statsforvaltaren har påklaga kommunen sitt vedtak om å gje dispensasjon frå arealformål til bygging av kai og slipp. Det er klaga på at det er gitt dispensasjon frå arealformål bruk og vern av sjø grunna at tiltaka ligg i sjø.

APM må vurdera om klagen frå statsforvaltaren i Vestland skal tas til følgje eller ikkje.

Det er berre dispensasjon i samband med kai og slipp som er påklaga. Løyvet til oppføring av naust er godkjend.

Dersom APM vel å snu og avslå søknaden, vil det vere eit nytt enkeltvedtak med tilhøyrande klagerett for partane i saka.

Klage, klagerett, klagefrist og tidlegare handsaming i APM

Kommunen har motteke klage frå Statsforvaltar 11.09.2025. Klagar har klagerett i saka. Vedtak i saka er sendt ut 21.08.2025. Klagen er mottatt 11.09.2025 og er mottatt innan fristen.

Saka har vore handsama av APM to gonger tidlegare, i møte 06.03.2024 og 25.06.2024.

Historikk

Statsforvaltaren råda i brev av 29.05.2023 kommunen til å gje avslag på søknaden. Alver kommune avslo søknaden 25.07.2023, og viste til at tiltaka krev dispensasjon frå arealføremål i sjø og byggeforbodet i strandsona. Tiltakshavarane klaga på avslaget i brev av 08.08.2023, og sendte inn søknad om dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona. Alver kommune fatta nytt avslagsvedtak 15.11.2023. Avslaget var påklaga 30.11.2023. Saka vart handsama i utval for areal plan- og miljø 06.03.2024 der utvalet gav dispensasjon som omsøkt.

APM- vedtak 06.03.2024:

«Søknad om dispensasjon frå pbl.[§ 1-8] og arealføremål bruk og vern av sjø for oppføring av bryggje og slipp vert godkjend.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

APM ser at plassering av kai og slip er formålstenleg for plassering av naust som utvalet er positiv til.

Grunnforhold for å oppfylle intensjon om naust krev kai og [slipp] med bakgrunn i botnehøve som er [langgrunt] med dårleg oppflyt. Kai og slip er plassert slik i

terrenget ikkje det fører til ytterlegare privatisering enn allereie eksisterende tiltak gjer.

Kai og slipp vil betre helse, miljø og sikkerheit ved bruka av naustet.

Tiltaket er godt terreng tilpassa med tilbakefylling av bakareal og tilpassa mønehøgda med eksisterande tiltak for å dempe den visuelle verknaden frå sjøsida og bebyggelse med innsyn.

Førmålet i planen vert ikkje vesentleg sett til side når det gjeld oppføring av naust, og fordelane er klart større enn ulempene ved å gje dispensasjon til slipp og kai.»

Statsforvaltaren i Vestland klagar på vedtaket i brev datert 21.04.2024. Alver kommune ved utval for areal, plan- og miljø handsama klaga i møte 25.06.2024, og heldt fast på sitt tidlegare vedtak.

APM- vedtak 25.06.2024:

«Klagen i frå Statsforvaltaren i Vestland i sak 2023/11423, datert 21.04.2024, vert ikkje teke til følgje. APM opprettheldt "Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 06.03.2024" om å gje dispensasjon.»

Vedtaket vart handsama av setjestatsforvaltar (Statsforvaltaren i Rogaland) som vart oppnemnd i brev av 02.07.2024. Settestatsforvaltar fatta vedtak 24.09.2024 som oppheva Alver kommune sitt opphævelege vedtak, grunna manglande dispensasjon frå arealføremål naust. Det vart difor søkt om dispensasjon frå formål naust og bruk og vern av sjø og vassdrag.

Alver kommune ved administrasjonen fatta nytt avslagsvedtak 28.05.2025.

Advokat klagar på vegne av tiltakshavar og bad kommunen ta ei ny vurdering før politisk klagehandsaming. Administrasjonen vurderte at tiltaket var tilstrekkeleg handsama i politisk utval.


Administrasjonen gav difor dispensasjon i vedtak datert 21.08.2025, der ein ga løyve til naust, kai og slipp i tråd med tidlegare politiske vedtak.

Dispensasjonsløyyet knytt til kai og slipp vart påklaga av Statsforvaltaren i Vestland 11.09.2025. Det er denne klagen som no er til handsaming.

Planstatus

Tiltaksområdet er i kommuneplanen for Meland 2015-2026, vedteke 16.10.2019, avsett til *Andre typar bygningar og anlegg (NA - Naust)* i område NA_26 (*Sætre*) på land, og *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone* i sjø.

Kart og foto

	
Kommuneplan	Ortofoto
	
Situasjonskart	Bilde av nausttomt

Uttale frå andre mynde

Statsforvaltaren i Vestland

Statsforvaltaren i vestland har uttalt seg i forkant av klagesaka. Den er i stor grad grunngitt som i klagen. Uttalen frå 13.06.2023 er vedlagt saka.

Bergen hamn

Saka har vore lagt fram for Bergen hamn. Dei hadde ingen særlege merknader til tiltaket. Uttalen frå 26.03.2023 er vedlagt saka.

Dispensasjon

Det påklaga tiltaket krev dispensasjon frå arealformål naust og bruk og vern av sjø. Slik dispensasjon er gitt i byggjesaka.

Klagegrunnar

Statsforvaltaren syner til at:

- Sjølv om tiltaket ikkje krev dispensasjon frå byggegrense mot sjø, ligg tiltaka likevel i strandsona. Nye tiltak i strandsona skal som hovudregel planleggast, og det skal takst særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser, jf. pbl § 1-8 første ledd.

- Sætrevika er eit område med store verdier både på land og i sjø.
 - o Strandsona er tilgjengeleg, og har gode landskapsverdier.
 - o Området ligg i ytterkant av Eldsfjellet, som er registrert som eit svært viktig friluftsområde. o Inne i Sætrevika er det registrert strandeng og blautbotnsområde.
 - o Det er registrert ålegraseng av lokal viktighet, som strekk seg heilt bort til naustområdet N_26.
 - o Det er registrert fleire fuglar som er på raudlista i nærleiken, som truleg nyttar sjøareala som funksjonsområde.
 - Bryggje og slipp vil få verknad for landskapet i området, som igjen har betydning for friluftsliv.
 - Arealformålet bruk og vern av sjø vert vesentleg sett til side ved dispensasjon.
- Sjå klagen i sin heilheit vedlagt saka.

Merknader frå klagemotpart

Det er innkommen merknader frå klagemotpart/tiltakshavar via advokat 27.09.2025.

Oppsummert meiner tiltakshavar at det ikkje er grunnlag for å ta klagen til følge:

- Tiltaka som kai og slipp treng ikkje dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø. Det er difor irrelevant å vise til strandsoneinteressene i saka når det gjeld nausteføremålet på land.
- Kai og slipp høyrer naturleg til naust og ein kan ikkje sei at desse tiltaka er ein vesentleg tilsidesetting av hensyna bak naustformål på land
- Tiltaka er føremålstenleg i samband med naust.
- Dei skil seg ikkje ut frå omkringliggjande tiltak – andre eigedommar i området har tilsvarande anlegg
- Det er ikkje grunnlag for å krevje dispensasjon frå arealformål i sjø (bruk og vern) når ein ser tiltaka i samanheng med nausteføremålet og dei er forankra i land
- Strandsoneverdiene knytt til bruk og vern av sjø blir ikkje vesentleg tilsidesett, då tiltaka ikkje fører til negativ verknad for naturmangfaldet

Merknadsbrevet er i si heilheit vedlagt saka.

KOMMUNEN SI VURDERING I KLAGEOMGANGEN

Administrasjonen syner til tidlegare vedtak i utval for areal, plan og miljø, seinast 25.06.2024 og administrasjonens vedtak 21.08.2025 med tilhøyrande grunngiving.

Frå administrasjonens grunngiving:

«Generelt om dispensasjon

Det er to vilkår som begge må vere oppfylt for at kommunen skal kunne gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

I tillegg kan ikkje kommunen gi dispensasjon dersom omsyna bak lovas formålsregel eller nasjonale eller regionale interesser blir vesentleg tilsidesett.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Dispensasjon frå arealføremål naust, bruk og vern av sjø og pbl. § 1.8

Vurdering av omsynet

Omsynet bak arealføremål bruk og vern av sjø, og pbl. § 1-8 er å sikre ålmenta tilgang til viktige rekreasjonsområde, både frå land og frå sjø. Strandsone er ofte viktig oppvekstmiljø for spesielle plante- og dyreslag, og har i mange tilfelle særlege landskapsmessige verdiar som som må varetakast på ein berekraftig måte. Omsynet er rettar seg særskilt mot å sikra at naturmangfaldet vart bevart, og at ålmenta sine interesser vert ivaretatt også i sjø.

Dispensasjon får arealføremål naust er etter plan og bygningslova § 19-2 eit unntak frå hovudregelen om at arealbruk i kommunen skal styrast gjennom rammar som er vedteke i arealplanane. Det sikrar at ein rekke viktige omsyn vert vurdert og vareteken, i eit heilskapleg perspektiv.

Alle tiltak i strandsona må etablerast på ein måte som ikkje gjer større inngrep i natur og landskap, enn det som er absolutt naudsynt.

I denne saka er tiltaket tiltenkt etablert ut i sjø, med utfylling av massar i sjøareal. Tiltaket medføre terrenginngrep i sårbar strandsone, og vil ha verknad for landskapet i området.

Statsforvaltar har uttalt seg negativt og påpeikar særleg dei sårbare strandsoneverdiane, og konsekvensar av utfylling i sjø. Omsyn til raudlista artar og

ansvaret til kommunen for å hindra nedbygging og privatisering av strandsone og sjøareal blir også påpeika av statsforvaltar. Kommunen er ikkje samd i statsforvaltar sine vurderingar, og vektar ikkje statsforvaltar sine utsegner i vurderinga av dispensasjonen.

I denne saka er kommunen positiv til etablering av naust og ser plassering av kai og slepp som formålstenleg. Grunnforhold for å oppfylla intensjon om naust krev kai og slepp med bakgrunn i botnforhold som er langgrunt med dårleg oppflyt. Kai og slipp er plassert slik i terrenget at det ****ikkje **fører** til privatisering av strandsona.

Kai og slepp vil betre helse, miljø og tryggleik ved bruk av naustet.

Tiltaket er godt terreng tilpassa med tilbake-fylling av bakareal og tilpassa mønehøgde med eksisterande tiltak for å dempe den visuelle veknaden frå sjøsida og busetnad med innsyn

Kommunen kan ikkje sjå at omsynet bak arealføremål naust, bruk og vern av sjø eller pbl. § 1-8 blir sett vesentleg til side i denne saka. Kommunen vurderar at fordelane er klart større enn ulempene, og kjem etter ein samla og konkret vurdering til at vilkår for å gje dispensasjon er oppfylt.»

Vurderingar av moment i klagen

Administrasjonen legg til grunn at ein har gjort tilstrekkelege vurderingar i byggjesaka både i høve strandsoneomsyn og i vurderinga av tiltak i sjø. I høve miljøomsyn, syner ein mellom anna til at tiltaka ikkje kjem i konflikt med miljøomsyn. Det er til dømes ikkje påvist strandeng, blautbotn og ålegras innanfor område satt av til naustformål. Ålegras er registrert i Sætrevika bort til naustområdet, men ikkje på tomta. Eigedomen består berre av berg, og dei påklaga tiltaka får dermed ingen vesentleg negativ konsekvens for fauna i området.

Når det gjeld føremål i sjø, vurderer administrasjonen at tiltaka har god terrengtilpassing. Ein viss grad av terrenginngrep må påreknast for å få kunne gjennomføre tiltaka. I denne saka kan ein ikkje sjå at terrenginngrepa er uforholdsmessig store. Det vil alltid måtte påreknast ei viss grad av terrenginngrep i desse høva.

Administrasjonen syner etter dette til løyvet som er gitt, og grunngivinga der.

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det ikkje er komen fram vesentleg nye opplysingar i saka i klageomgangen.

Kommunedirektøren rår difor til at vedtaket vert ståande.

GENERELL INFORMASJON

Vidare sakshandsaming

Dersom vedtaket står seg, vert saka sendt til Statsforvaltaren i Vestland. Då det er statsforvaltaren i Vestland som er klagar, vil det bli oppnemnd setjestaforvaltar som får saken til endeleg avgjerd.

Dersom utvalet snur og klagen frå statsforvaltar vert tatt til følgje, er det eit nytt enkeltvedtak som kan påklagast av partane.

Nytta lovverk

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere undertekna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Vedlegg

- 1 Klage - dispensasjon - Alver - 357_97 Sætre - naust.pdf
- 2 Løyve til etablering av naust, slipp og kai - Gbnr. 357/97
- 3 Sit.plan for søknad (1057879)
- 4 Punkt for profildeikning (1057880)
- 5 Profildeikning (1057881)
- 6 Plan, snitt og fasader (1057882)
- 7 Div. bilete (1057883)
- 8 Merknad til klage - gbnr 357 97 - Sætre(4334142.2).pdf
- 9 Vedtak - oppheving - dispensasjon § 1-8 og bruk og vern - settestatsforvalter - byggesak - Alver.pdf

